

# Skjøtselsplan for kystlynghei Austneset (sørvestre del), Fosen

Fylke: Rogaland

Kommune: Karmøy

Namn: Lars Ove Frette

ID-nr i naturbasen: BN00044648

Namn på området i Naturbasen: Austnes, midtre del.

Areal på området i Naturbasen: 611 totalt.

Verdi-klassifisering i Naturbasen: A (svært viktig)


183 daa av det registrerte området i Naturbasen ligg på eigedom 110/10.

Gardsnr / bruksnr	Areal totalt (gardskart)	Drivar	Org.nr	Eigar
110/10	366 daa	Lars Ove Frette	995905701	Eldar Ellingsen
110/93	33 daa			
110/32	15 daa			
110/90	27 daa			
110/89	15 daa			
Sum i bruk idag	456 daa			
	(inklusive tun)			

Vedlegg 1 – generell del om skjøtsel av kystlynghei

August 2016

Utarbeida av Annlaug Fludal ut frå grunnlagsdata frå drivar og eigne observasjonar



Haugaland

**Landbruksrådgjeving**



0 100 200 300m

kilden.nibio.no

15.08.2016

Kart 1: Rød linje viser yttergrenser for inngjerda område

## Beskrivelse:

**Dyrehold:** 48 villsau med lam har gått på det inngjerda området siste åra. Heilårsbeiting. Dette gir under 10 daa totalareal pr villsau. 20 daa er godt kultivert. Mykje av arealet er skogdekka. Det er spor etter betydeleg beitepress i det søre området. Sitkagran er beita. Ved befarig 18.august 2016 var det mange årsspirer av bjørk som viser at arealet toler sterkare beiting.

**Gjerder:** Området som blir brukt i dag er avgrensa av rød linje (ytre gjerdelinjer). I tillegg er det indre gjerdelinjer, t.d. langs vegen og rundt innmarksbeite, som gjer at ein kan variera beitepresset på dei enkelte delene. Området blir mest sannsynleg utvida med 110/ 31 og 110/12 som òg er inngjerda som eigne teigar.

**Vegetasjon:** Det inngjerda området på rundt 450 daa totalt har rundt 20 daa beite og overflatedyrka. Andre deler er tett lauvskog, særleg langs vegen, og ein del planta og spreidd sitkagran i sør.

Rundt halvparten av området som er i bruk i dag ligg i det registrerte området i Naturbasen. Området som er registrert i Naturbasen skiller seg ikkje positivt ut i forhold til inngjerda deler mot sjøen i vest. Det er mykje bjørk og ville sannsynlegvis ikkje fått same verdiklasse slik det ser ut nå. Unntaker er den austre delen, 110/12 som ikkje med i beitet i dag, men blir mest sannsynleg tatt i bruk frå vinteren 2016-2017. Her er det lite gjengrodd.

**Brenning:** Små deler er brent for tre år sidan (info fra drivar). Området som ligg midt på Austneset kan vera vanskeleg å brenna utan å rydda vegetasjon først. Området mot vest kan vera enklare. Arealet på 110/12 vil vera enkelt å brenna ved rette vindretning.

**Rydding:** rydding av tre kan vera aktuelt om ein vil ha tilbake eit åpent landskap. Avskoging av eit så stort område er arbeidskrevande og ikkje så aktuelt ved leige av areal. Prioriter enkelttoppslag av sitkagran ved manuell rydding.

**Området brukt til rekreasjon:** Det går ingen merka løyper gjennom området. Det er mykje båtturnisme rundt halvøya og mange hytter i området.

**Kulturminne:** Det er registrerte to fornminne (hustuffer) i sør, den eine ligg inne i området som blir beita i dag. Den andre ligg lenger aust i området som kan bli tatt i bruk seinare. Beiting og brenning kjem ikkje i konflikt med desse. Kart 1 – blå R





Foto 1 Utsikt frå Grindafjellet, Våga. 19.mai 2016. Vestsida av beitearealet på Austnes viser midt i bildet.



Foto 2 Frå sør mot nord. 18.aug 2016. Området nærmaste er brent.





Foto 3: Området i nord som er avmerka i Naturbasen. 18.aug 2016




Foto 4 Spor etter god beiting. Heilt sør. 18.aug 2016



# Landbrukseiendom 1149 - 110/10

Markslag (AR5) 13 klasser



0 50 100 150m

Målestokk 1:5000 ved A4 stående utskrift





## Austnes, midtre del

---

**Id**

BN00044648

**Områdenavn**

Austnes, midtre del

**Kommuner**

Karmøy

**Naturtype**

Kystlynghei

**Utforming**

Tørr lynghei

**Verdi**

Svært viktig

**Utvalgt naturtype**

Ja

**Navn på utvalgt naturtype**

U06 - Kystlynghei

**Registreringdato**

09.10.2006

**Verdibegrunnelse**

Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit intakt kystheimråde med lite inngrep, som er i god hevd og inneheld den truga vegetasjonstypen tørrhei (EN) med gode bestandar av purpurlyng. Tilstanden vil vera viktig for om verdien kan oppretthaldast framover.

**Innledning**

Innlagt av John Bjarne Jordal i januar 2007. Lokaliteten er ei halvøy på sørlege del av den landfaste øya Fosen i Karmøy kommune. Området er undersøkt vest for Leirvåg, og nord for vegen til Breivik midt på øya. Lokaliteten er ein del av større heiområde i denne delen av Rogaland. På grunn av svært dårleg ver og dårleg tid er området ikkje tilfredsstillande undersøkt. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oceanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Beliggenhet**

**Naturtyper**

Lokaliteten inneheld både litt myr og fukthei, mest viktig er ein del tørrhei (H1) med purpurlyng, røsslyng, krekling, einer, tytebær og mjølbær, ein truga vegetasjonstype (EN - endangered). Tørrhei utgjorde rundt 30%, fukthei (H3) ca. 70%.

#### Artsmangfold

Det vart funne ein god del purpurlyng (NT-nær truga på raudlista), ein art som er truga av den generelle tilbakegangen av intakte tørrheier på Vestlandskysten. Det vart elles funne heisiv, knollerteknapp, krypvier, kystmaure og mjølbær. Av soppfunn kan nemnast seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*) og myrhette (*Mycena megaspora*).

#### Påvirkning

Lokaliteten har middels til litt svakt beitetrykk av sau.

#### Fremmede arter

#### Skjøtsel

Det er ønskeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast og evt. sviast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

#### Totalareal

611 daa

#### Kilder

Navn	År	Tittel	Lenke	Kildetype
Jordal, J. B.	2008	Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2006. Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernnavd, 1-156.		